

Til ordførarane og rådmennene i kommunane
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje.

14. mai 2019

Innkalling til rådsmøte

Stad:	Scandic Byporten, Jernbanetorget, Oslo
Dato:	Tysdag 21. mai 2019
Kl. :	13.00

Møtet i Vest-Telemarkrådet 21. mai 2019 er lagt til Scandic Byporten i Oslo. Det blir enkel servering frå kl. 12.30 i møterommet. Møtestart er kl. 13.00.

Vibeke Resch-Knudsen, ny kommunerådgevar, og Hans Bakke, strategidirektør, hos Fylkesmannen møter for å presentere den nye kommunerådgevaren. Dei vil fylgje heile møtet.

Anne Aasmundtveit vil legge fram sluttrapporten Bærekraftig vidaregåande skule-tilbod i Seljord.

Eva Preede, planleggar, og Karl Sandsmark, sjefsingeniør, begge Statens Vegvesen, legg fram Mulighetsstudie E-134/R41.

Det er to høyringsuttaler på saklista; ein til fylkeskommunen om kunnskapsdokumentet «Ditt og Mitt Vestfold og Telemark», og ein til Finansdepartementet om sukkeravgifta.

Deretter blir saker som skal bli tatt opp med Telemarksbenken drøfta.

Avtalt møte med Telemarksbenken på Stortinget er kl. 17.00 – 18.30.

Det blir middag på Prima Fila Ristorante kl. 19.00.

Vi ynskjer velkomen til gode møte i Oslo.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Jon Rikard Kleven (sign)
Regionordførar

Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar

Sakliste til rådsmøtet 21. mai 2019

- Sak 18/2019 Referat frå rådsmøtet 12. mars 2019.
- Sak 19/2019 Orienteringar
- Introduksjon av Vibeke Resch-Knudsen, ny kommunerådsgjevar hos Fylkesmannen.
 - Sluttrapport *Bærekraftig vidaregåande skule-tilbod i Seljord* ved Anne Aasmundtveit.
- Sak 20/2019 Mulighetsstudie E-134/R41. Rapport vert lagt fram i møtet av Eva Preede, planleggar, og Karl Sandsmark, sjefsingeniør, begge Staten vegsvesen.
- Sak 21/2019 Høyringsuttale til kunnskapsdokumentet «Ditt og Mitt Vestfold og Telemark».
- Sak 22/2019 Høyringsuttale til særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer.
- Sak 23/2019 Førebuing til møte med Telemarksbenken.
- Sak 24/2019 Eventuelt

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 12. mars 2019

Stad: Nutheim Gjestgiveri, Flatdal, Seljord kommune

Tilstades: Regionvaraordførar Jarand Felland, Halfdan Haugan, Erik Skjervagen, Halvor Homme, Tarjei Gjelstad, John Kleiv, Finn-Aril Bystrøm og Jan Myrekrok.

Øystein Høgetveit møtte i staden til Jon Rikard Kleven

Frå adm møtte: Anne Aasmundtveit og Kyrre Einar Hegg

Forfall Jon Rikard Kleven, Sverre Sæter, Ketil Kiland og Øystein Tveit

Sak 09/2019 Referat frå rådsmøtet 12. februar 2019

Vedtak: *Referat frå rådsmøtet 12. mars 2019 vart godkjent.*

Sak 10/2019 Orienteringar:

- **NTP 2022 – 2033;**

Anne Gro Ahnstrøm, rådgjevar / stab - samferdsel og regional utvikling i Telemarkfylkeskommune og ny administrativ fylkeskommunalrepresentant i rådet, ga ei orientering om prosess og organisering. Jf vedlagte presentasjon. Prosessen er no meir politisk styrt enn tidlegare og ein tenkjer meir heilskapeleg.

- **Skogsleiren i Fyresdal**

Erik Skjervagen ga ei statusoppdatering om arbeidet med å behalde skogsleiren. Dei andre fengsla (med låg sikring) er lagt ned og skogsleiren i Fyresdal vart den einaste som vart redda.

Det blir jobba inn mot statsbudsjett, og Fyresdal nyttar hjelp frå Anundsen. Fokus er utvikling av leiren for å få til eit enda betre resultat. Sjølv om resultat og økonomi er veldig bra, er ikkje KDI særleg interessert i å drive med små einingar.

- **Prosjekt spesialundervisning**

Ronde Schade i Seljord kommune og leiar av styringsgruppa i prosjektet Spesialundervisning. Tematikken i Spesialundervisning er *integrering og inkludering*.

Målet er at kompetansen skal leggest på skulane, noko som er krevjande organisatorisk pga av mange små skular, og at PPT skal omorganierast jf Nordahl-utvalet.

Undersøking viser at tilpassa undervisning er for dårleg. Stikkord for kvalitetsforbetring er: kompetanse, organisering og kultur.

- **Telemark Ring**

Gry Fuglestveit, ordførar i Notodden, og Vidar Sten-Halvorsen frå prosjektgruppa ga ei orientering om anlegget Telemark Ring. jf tidlegare utsendt rapport om forprosjektet.

Telemark Ring er ein regional asfaltbane for motorsport i Notodden. Det var dei 4 store motorsportorganisasjonane som valde Notodden for etablering av ein ny bane.

Etableringa vil kunne ha store ringverknader for næringsutvikling lokalt og regionalt. Hell i Trøndelag har ein likelydande søknad. Det betyr at det er hast for Notodden å koma i gang.

Masterplan 2019 – 2021; prosjektering i 2020 og bygging i 2021.

Investeringskostad på 200 mill kroner. Årleg driftsbudsjett på 20 mill kroner per år.

Det skal etablerast to selskap; eit driftsselskap og eit baneselskap. Det er ikkje avklara eigarskap, men det skal vera privat.

Eit kommunalt selskap skal ta ansvar for framdriftsprossen.

Intensjonen er 3 mill frå kvar av fylkeskommunane i Telemark, Vestfold og Buskerud.

Vedtak: *Orienteringane vart tatt til vitande*

Sak 11/2019 Regionalpakke samferdsel Vest-Telemark.

Børge Skårdal ga ei statusoppdatering om dei to hovudsatsingane:

1. Regional riksvegpakke Vest-Telemark
2. Regional fylkesvegpakke Vest-Telemark

Prosjekt regional riksvegpakke er i gang der Statens Vegvesen har invitert til verkstad kring arbeidet med Mulighetsstudie på Morgedal Hotell 25. mars 2019.

Strategiske fylkesvegar i Vest-Telemark, jf høyringsinnspellet frå Vest-Telemarktinget 24. april 2018 der ein ba om 200 millionar kroner i handlingsprogrammet til ATP, blei ikkje tilgodesett med midlar i denne perioden. Det betyr at investeringar her er ikkje realistisk no, men er eit langsiktig mål.

Ein må definere eit knippe med prosjekt, skissere kor utfordringane er, kva for løysing, og kva desse løysingane vil kunne koste. Fylkeskommunen er oppmoda til å ta ein prosess på ei slik prosjektsskidring, og vil gi tilbakemelding på det før påske.

Vedtak: *Prosjekt Regionalpakke samferdsel Vest-Telemark blir gjennomført som skissert i saksutgreia.*

Vest-Telemarkrådet løyver kr. 350.000,- til prosjektet finansiert over disposisjonsfondet.

Samrøystes vedteke

Sak 12/2019: Vestfold og Telemark fylkeskommune val-arrangement

Børge Skårdal presenterte opplegg til val-arrangement.

Oppmoding frå rådet om å organisere val-arrangementet på våren eventuelt i juni istadenfor tett opp mot valet.

Vedtak: *Regionrådsleiar er ansvarleg for å utarbeide eit opplegg for val-arrangement inkl. program.*

Vest-Telemarkrådet løyver kr. 60.000,- til val-arrangement av disposisjonsfondet.

Samrøystes vedteke

Sak 13/2019 Uttale om inntaksområde for elever til vidaregåande utdanning

Dei ulike inntaksprinsippa vart presentert og drøfta.

Halvor Homme støttar fritt skuleval og uttrykte at Nissedal kommune ikkje er samd i at nærskuleprinsippet er den beste ordninga for elever. Men han ynskte ikkje å gå imot Vest-Telemarkrådet si innstilling til uttale.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet tilrår at inntaksordninga til vidaregåande opplæring i Vestfold og Telemark fylkeskommune følgjer prinsippet om opptak på nærskulen om studietilbodet kan bli gitt der eller på næraste skule som har studietilbodet.*

Samrøystes vedteke

Sak 14/2019 Framlegg til årsmelding/årsrekneskap 2018

Regionrådsleiaren la fram forslag til årsmelding og rekneskap 2018.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet rår Vest-Telemarktinget til å godkjenne det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2018.*

Samrøystes vedteke

Sak 15/2019 Framlegg til sakliste for Vest-Telemarktinget 30. april 2019

Rådet drøfta tema og aktuelle debattinnleiarar/personar til å presentere tema.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste, samt møtet i Tinget vert lagt til Vinjar i Vinje.*

Samrøystes vedteke

Sak 16/2019: Møte med Telemarksbenken- 21. mai 2019

Arbeidsutvalet utarbeidar ei liste med forslag til tema som skal bli drøfta med benken. Denne temalista blir sendt ut i god tid til rådsmedlemene før møtet 21. mai.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet ynskjer møte med Telemarksbenken i Oslo 21. mai 2019.*

Forslag til saker som skal drøftast med Telemarksbenken vert lagt fram som eiga sak til rådsmøtet 21. mai 2019.

Samrøystes vedteke

Sak 17/2019: Eventuelt

To saker kom opp under eventuelt

1) Fleire politifolk til Midt-Vest lensmannsdistrikt

Eit innspel, frå Jon Rikard Kleven, om fleire politifolk til Midt-Vest lensmannsdistrikt vart lagt fram i møtet. Innspelet er å krevje at Midt-Vest lensmannsdistrikt får tilført 10 nye politistillingar, med 5 knytt til kontoret i Midt-Telemark og 5 knytt til kontoret i Åmot i Vinje, så vil det vere tilstrekkeleg til å auke beredskapen med ein politibil.

Rådet drøfta det framlagte framlegget til uttale og støtta det fullt ut, men at det og skulle peikast på at det er betydeleg større ressursar i Vestfold.

Vedtak: *Vest-Telemarkrådet krev 10 fleire politifolk til Midt-Vest lensmannsdistrikt*

Samrøystes vedteke

2) Domstolstruktur i Telemark

Tarjei Gjelstad orienterte om arbeidet som er gjort så langt i høve til domstolstruktur i Telemark. Anders Anundsen kan vera ein aktuell person å engasjere i domstolsaka.

Tarjei Gjelstad fylgjer opp saka.

Vedtak: **Vest-Telemarkrådet vedtek å engasjere Anders Anundsen i domstolssaka.**

Samrøystes vedteke

Sak 21/2019 Høyringsuttale til kunnskapsdokumentet «Ditt og mitt Vestfold og Telemark»

Vestfold og Telemark blir ein ny region 1. januar 2020. Den nye regionen vil ha 425 000 innbyggjarar, 23 kommunar og 15 byar.

Nye Vestfold og Telemark fylkeskommune har ambisjon om å vera ein sterk utviklingsaktør for den nye regionen. Som eit viktig grunnlag for å forme denne utviklingsrolla har Vestfold og Telemark fylkeskommune utarbeidd eit førebels kunnskapsgrunnlag om den nye regionen. Kunnskapsgrunnlaget heiter [«Ditt og mitt Vestfold og Telemark»](#).

«Ditt og mitt Vestfold og Telemark» er ikkje eit fullstendig dokument. Derfor ber fylkeskommunen no om innspel for å gjera kunnskapsgrunnlaget enda betre i bredde og djupne. Ambisjonen er at dokumentet skal gi viktige føringar for kva som bør bli prioritert for å skape ei enda betre framtid for alle innbyggjarane i Vestfold og Telemark, uavhengig av om du bur eller arbeider i distrikt, tettstad eller by.

«Ditt og mitt Vestfold og Telemark» skal vera eit felles dokument for samfunnsaktørar i regionen. Ein felles ståstad gir felles kraft og vil gi høve til å arbeide målbevisst i alle delar av regionen. På eit overordna nivå har fellesnemnda, som skal førebu og gjennomføre arbeidet med å bygge den nye regionen, gitt si tilslutning til at verdiskaping, grøn omstilling og regional partnerskapsutvikling er viktige område som den nye regionen må lukkast med.

Heilt konkret ber fylkeskommunen om innspel til kvart kapittel i kunnskapsgrunnlaget. Denne uttala er utarbeidd i samarbeid med næringskollegiet i Vest-Telemark.

Vurdering

Kunnskapsgrunnlaget «Ditt og mitt Vestfold og Telemark» er eit omfattande dokument som søkjer å gi eit grundig kunnskapsbilde av den nye regionen. Kunnskapsgrunnlaget er forløparen til ny planstrategi for den nye regionen, og det er veldig bra at den no er sendt ut på ei brei høyring.

Det er eit velskrive dokument, men det må likevel seiast at det er mykje tekst som med fordel kan strammast inn noko. Vi har også merknader til m.a. kart (s. 42 og 46). Desse må oppdaterast for å reflektere gjeldande tettstadstruktur slik den går fram i ATP Telemark 2015-2025.

Dei største utfordringane for Telemark generelt og Vest-Telemark spesielt er sentralisering og befolkningsutvikling. No som vi blir slått saman med Vestfold i ein ny region vil det vera viktig å synleggjera og skape forståing for at det er ulike føresetnader i den nye regionen.

Kapittel og spørsmål er på bokmål. Desse blir derfor gjentekne på bokmål medan svara blir på nynorsk.

Kapittel 1: Hva ønsker vi å oppnå med den nye regionen?

Hva mener dere er de viktigste områdene regionen i fellesskap må prioritere?

I kapittel 1 vert det peika på to område som det er særleg viktig at regionen i fellesskap prioriterer:

- Verdiskaping og grønn omstilling
- Samhandling som føresetnad for å løyse komplekse samfunnsutfordringar

Verdiskaping og grønn omstilling

- Fortetting
 - Tettstadutvikling. Det er ynskjeleg å vidareutvikle kommunesentera og styrke fleirkjernestrukturen i Vest-Telemark for å stø opp om viktige samfunnsfunksjonar og attraktivitet. Utvikle klimavenlege bygdebyar og kompakte tettstader med gode møteplassar.
 - Utvikle infrastruktur for mjuke trafikantar og sykkeltilbod
 - Fokus på å binde saman senter, bygder, attraksjonar og naturopplevingar.
 - Varierte bustadtilbod med fleire utleigeiningar. Dette er mangelvare i Vest-Telemark, noko som har ein negativ konsekvens for busetting.
- Klima og det grønne skiftet
 - Landbruket si rolle i distrikta kunne med fordel fått meir fokus i dokumentet.
 - Livskraftige bygdesamfunn vil vere heilt avgjerande for å halde oppe, og helst auke, matproduksjonen i heile landet. Klimaarbeidet bør spele saman med landbrukssatsingar og ha ordningar som fremjar ivaretaking av matproduksjonen, heilskaplege bygder med kulturlandskap, busetjing og eit aktivt jordbruk og matproduksjon, jamfør Regional klimaplan for Telemark 2019-2026.
 - Vest-Telemark med sine store skogressursar må ha eigne satsingar på bioøkonomi og skogbruk som del av klimasatsinga. Eksisterande fagmiljø på området bør saman med industrimiljøa i Grenland og Vestfold, vere fremst i landet når det gjeld omstilling i det grønne skiftet.
 - Vest-Telemarkkommunane vil ta stilling til om det skal bli utarbeidd ein felles klimaplan for denne regionen.
- Etablering av «Kraftkompetanse KO» i Vinje der fylkeskommunen går inn med eit eigarskap på 14 prosent. Fleire hensiktsmessige fylkeskommunale funksjonar skal bli lagt til «Kraftkompetanse KO». Døme på slike funksjonar kan vera sekretariatet for konsesjonskraftstyret og dagleg leiar av Telemark utviklingsfond, jamfør vedtak i sak 29/2019 i fylkestinget 11.april 2019.
- Legge til rette for mestring av teknologiutviklinga, kompetanse- og arbeidsmobilisering. Dette kan skje gjennom t.d. å satse på næringsklynger
 - Telemark Næringshage
 - Samlokalisering i næringshagar
 - Andre nærings-/arbeidsmiljø med felles ynskje og behov for utvikling av kompetanse og samhandling

Samhandling for å løse komplekse samfunnsutfordringar

Den nye regionen har store geografiske avstandar. Dette gjeld spesielt for Vest-Telemark, der det i tillegg er ei negativ folketalsutvikling samla sett.

Vest-Telemark har i mange år hatt gode, forpliktande interkommunale samarbeid på fleire fagområde, blant anna barneverntenesta, PPT, Vest-Telemark Kraftlag og Vest-Telemark konsoliderte museum. Det blir felles NAV-kontor for heile Vest-Telemark lokalisert på Dalen i 2020.

Vest-Telemark har god erfaring med å vera vertskap for regionale og statlege kontor, og ynskjer å vektlegge arbeidet med å desentralisere aktuelle oppgåver og få lokalisert desse til Vest-Telemark. Det er ein krevjande situasjon å til ei kvar tid måtte arbeide mot sentrale styresmakter for å oppretthalde gode tenester og tilbod for våre innbyggjarar.

Digitale verkty/moderne teknologi vil kunne legge meir og meir til rette for effektiv samhandling og samarbeid.

Fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag og rolle:

- Større involvering og deltaking ute i distrikta. Vera i tettare dialog med aktuelle aktørar.
- Rådgevarrolla til fylkeskommunen bør bli styrka.
- Jamlege møte mellom t.d. kommunalt næringsapparat og fylkeskommune
- Vidareføre møtearena mellom fylkesrådmann og regionråda

Kapittel 2: Sentrale utviklingstrekk i Vestfold og Telemark

Hvor relevant er det foreliggende kunnskapsbildet? Hva bør vi utdype, utvide, kutte, tilføye eller endre?

Følgjande område innan næringsutvikling og samfunnsutvikling er viktige for Vest-Telemark og kunnskapsbildet bør dekke desse:

- Automatisering av landbruk
- Lokalmat
- Lokal industri
- Skogbruk
 - Bioøkonomi - utvikling av skog til nye produkt
- Reiseliv og turisme
 - Heilårsturisme
 - Vinje og verdsarven
 - Telemarkskanalen
 - Dyrsku´n og festivalar
 - Opplevingar
 - VandreTelemark
- Vidaregåande skuletilbod på Dalen og i Seljord.
- Samarbeid med Universitetet i Sørøst-Noreg
- Digitalisering og velferdsteknologi
- Samferdsel
 - Det er eit stort etterslep på investeringar og vedlikehald på fylkesvegane i Vest-Telemark
 - Kollektivtilbodet i Vest-Telemark bør bli utbetra. Eit godt utbygd kollektivtilbod er av avgjerande betydning for m.a. elevar på vidaregåande skule og på vaksenopplæringa, og vil legge forholda til rette for at arbeidsregionane blir bundne saman meir effektivt.

- Legge til rette for tilgang på haldeplassar og terminalar
- Ope konsesjon - friheit til å tilpasse trasé, avgangar og takstar til marknaden på ekspressbussrutene.

Kapittel 3: Å lykkes med regional planlegging

Hvilke forutsetninger mener dere ligger til grunn for å lykkes med regional planlegging?

- Gjensidig tillit
- Felles forståing for utfordringar som skal løysast
- Gode og transparente prosessar som gir rom for medverknad frå ulike partar i samfunnet: kommune, samfunnsaktørar, næringsliv, andre.
- Brei forankring og gode høyringsprosessar

Kapittel 4: Samhandling som forutsetning for regional utvikling

Hvordan kan vi skape nye, prioriterte og relevante samhandlingsarenaer som utnytter mulighetsrommet den nye regionen gir?

- Vidareføre Arena-møte som blir vurdert til å vera eit godt forum for drøfting og forankring av felles strategiar og prioriteringar.
- Meir jamleg kontakt mellom fylkeskommunen og kommunane ved t.d. næringssejane.
- Halde fram med den gode kommunikasjon med fylkeskommunen og jamlege møte mellom den administrative toppleinga i fylkeskommunen og regionråda.
- Nytte heile den nye regionen som møteplass. Det er store avstandar i fylket og det vil derfor vera avgjerande at fylkeskommunen er bevisst på å ta heile fylket i bruk. Med det meinast at seminar, møte, kurs og konferansar vert lagt til Vest-Telemark - dette er ei sterk oppmoding til fylkeskommunen.

Vestfold og Telemark ønsker å være en kunnskapsutvikler i regionen med vekt på statistikk, analyse og forskning.

Hvilken kunnskap har kommuner, næringsliv, frivillig sektor og andre samfunnsaktører behov for og ønsker seg?

- Kva for moglegheiter ligg for distrikta spesielt innan digitalisering
- Kompetansedeling og heilskapleg arbeid på trass av store avstandar
- Auka kunnskap om dei ulike moglegheitene ein har i regionen.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtar framlegg til høyringsuttale til kunnskapsdokumentet «Ditt og mitt Vestfold og Telemark» slik den ligg føre.

Sak 22/2019 Høyringsuttale: Særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer

Finansdepartementet har sendt NOU 2019: 8 Særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer ut på høyring. Høyringsfrist er 12. juli 2019.

Innleiing

Regjeringa sette den 16. november 2018 ned eit utval, kalla Dyrnesutvalet, som fekk i oppdrag å vurdere særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer. Avgiftene på alkoholfrie drikkevarer og sjokolade- og sukkervarer vart auka over statsbudsjettet i 2018 med høvesvis 40 og 80 prosent.

I budsjettet for 2019 vart det eit avgiftskutt i særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer, men ikkje på alkoholfrie drikkevarer som brus og sukkerfri brus.

Utvalet sin konklusjon: avgifta på sjokolade- og sukkervarer

- Fleirtalet i utvalet meiner at avgifta slik den er utforma i dag bør bli oppheva og erstatta med ei ny og helsegrunnlagt avgift. Ei slik helsegrunnlagt avgift krev ei nærare utgreiing.
- Mindretalet i utvalet meiner at avgifta bør opphevast, og ikkje bli erstatta av ei ny helsegrunnlagt avgift. Mindretalet legg til grunn at dersom ei avgift med helse- og ernæringsformål skal vurderast, må dette bli drøfta i ein heilskapleg samanheng.

Utvalet sin konklusjon: avgifta på alkoholfrie drikkevarer

- Utvalets fleirtal går inn for å avvikle avgifta og erstatte den med ei helsegrunnlagt avgift.
- Eit mindretal i utvalet var for å avvikle avgifta og ikkje innføre ei helsegrunnlagt avgift. Dersom myndighetene likevel skulle konkludere med at den eksisterande fiskale avgifta skal bli erstatta av ei ny helse- og ernæringsmotivert avgift, bør det bli ei differensiert drikkevareavgift etter ein modell som er føreseieleg for næringslivet.

Vurdering

Særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer og alkoholfrie drikkevarer har råka mange verksemder i Noreg hardt, og dei har råka skeivt. Dette har ført til velgrunna kritikk frå næringa over lengre tid. Dyrnesutvalet har kome fram til at avgiftene slår skeivt ut og medverkar til konkurransevriding og auka grensehandel. Dette bør føre til at avgiftene blir vesentleg redusert.

Særavgifta på alkoholfrie drikkevarer har hatt særleg store konsekvensar for verksemder som Telemark Kildevann AS i Fyresdal kommune. Telemark Kildevann er Noregs største norskeigde produsent av brus og flaskevatt. Dei er eit godt døme på ei verksemd som har blitt tvungen til å nedbemanne som ein direkte konsekvens av særavgifta. Halvparten av dei 30 tilsette har mista jobben, noko som er svært alvorleg for ein distriktskommune som Fyresdal.

Det er svært urimeleg at produkt som til dømes flaskevatn med smak og sukkerfri brus, vert avgiftsbelagt med ei sukkeravgift. Over 50% av produkta som blir avgiftsbelagt med denne særavgifta inneheld faktisk ikkje sukker.

Det er også viktig for likebehandling og konkurransesituasjonen at særavgiftene på alkoholfrie drikkevarer harmoniserast med avgiftene på sjokolade- og sukkervarer. Det at særavgiftene på sjokolade- og sukkervarer vart kutta i 2019-budsjettet, men ikkje særavgiftene på alkoholfrie drikkevarer, er ein særdeles uheldig og svært lite logisk næringspolitikk.

I 2018 omsette Telemark Kildevann for omtrent 260 millionar kroner til den norske marknaden. Av dette utgjorde den norske særavgifta aleine omtrent 142 millionar kroner. Tilsvarande avgifter i Sverige er null. Dette viser kor høg denne særavgifta er, både målt i kroner og i høve til omsetninga.

Regjeringa har ansvar for å gi føreseielege rammer som legg til rette for at norsk industri har gode vekstvilkår og er konkurransedyktig. Særavgifter på alkoholfrie drikkevarer resulterer i at utanlandsk drikkevareindustri overtar produksjonen av brus, flaskevatn og saft i den norske marknaden.

Forbrukarar i dag er medvitne på pris. Netthandel gjer det enkelt å handle i utlandet. I tillegg medverkar "350-kronersregelen" til omfattande og landsdekkande netthandel for alle typar sukkervarer. Grensehandelen byr også på miljømessige utfordringar. Omtrent 35 millionar boksar som ikkje kan bli panta i Noreg skapar store meirkostnadar når det gjeld avfallshandtering.

I tillegg til nedlegging og nedbemanning kan dagens særavgift føre til at norske verksemdar flyttar sin produksjon ut av Noreg for å få betre vekstvilkår. Orkla har allereie flytta produksjonen av Fun frå Noreg til Sverige. For mindre, norskeigde verksemdar som Telemark Kildevann er det å flytte verksemda lite aktuelt. Desse verksemdene er avhengige av gode rammevilkår som gir norskproduserte varer livets rett.

Framlegg til vedtak: Vest-Telemarkrådet meiner dagens særavgifter på alkoholfrie drikkevarer og sjokolade- og sukkervarer bør bli redusert vesentleg, fordi dei rammer skeivt, medverkar til konkurransevriding, trugar norske arbeidsplassar og stimulerer til grensehandel. Særavgifta på alkoholfrie drikkevarer må harmoniserast med særavgifta på sjokolade- og sukkervarer.

Sak 23/2019 Førebuing til møte med Telemarksbenken

Det er avtalt møte med Telemarksbenken kl. 17.00 – 18.30. Møtet finn stad på Stortinget. Arbeidsutvalet drøfta i møtet av 6. mai 2019 tema som skulle drøftast med Telemarksbenken.

Det er ynskjeleg å ta opp saker som har vore drøfta tidlegare med Telemarksbenken. Følgjande saker er framleis aktuelle og det er derfor riktig å halde tråden i desse:

Sak	Presenterte ved
Domstolane	Tarjei Gjelstad
Sukkeravgifta	Erik Skjervagen
Kraftinntekter/beskatning,	
Kapitaliseringsrente m.m.	Jon Rikard Kleven
Vilkårsrevisjon	Jarand Felland
Politireformen	Halfdan Haugan
Ressurskrevjande brukarar	Tarjei Gjelstad
Luftambulanse	Jon Rikard Kleven
Regionalpakke E-134/R41	Jarand Felland
Skogsleiren	Erik Skjervagen

Vest-Telemarkrådet ber Telemarksbenken om å gi rådet ei orientering om aktuelle saker.